



Referat styremøte/ telefonmøte tlf. 25.10 kl.20.00

Desse tok del på møtet: Per Inge Solvang, Ola Auale, Idar Nygård, Kai Nave (vara) og Ruth Sylvi Løland.

1. Referatsaker: Odd Ivar Sveen – deltek som klubben sin representant i NM junior 11.november. Odd Rindhølen vert klubbens utsendte dommar.
2. Søknadar om jakt og sporprøvar 2012: same som 2011, men blod og fersksporprøvar vert utvida til 23.12.
3. Førde Brukshundklubb har fått løyve til å ha med Elghundrasane på si utstillinga i Naustdal 28. april 2012. JFFEHK skal skaffe dommar til utstillinga . Alle inntekter og utgifter vert dekkja av Førde Brukshundklubb. Vestlandsutstillinga 2012 vert arrangert i Sogndal 19. mai. Dobbelutstillinga i samarbeid med Gubrandsdalen Elghundklubb vert i 2012 på Lesja.

Søknad om utstilling 2013: Vestlandsutstillinga vert ei 2-dagars utstilling i Naustdal, i samarbeid med Førde Brukshundklubb. Førde Brukshundklubb er ansvarlege for utsillinga laurdagen, og dei i samråd med JFFEHK skaffar dommar til elghund rasane. Søndag vil JFFEHK stå for utstillinga av elghundrasane.

Utstilling 2013 – Dobbelutstilling på Lom GEHK – JFFEHK. Ola sjekkar kva datoar som er aktuelle i samband med Fjordingsmarknaden.

4. Sponsor avtalar:

Toyota

Wadsten – går ut. Per Inge tek vekk logo frå heimesida.

Våpenloftet

Ottadalen Installasjon.

Avventar svar frå Arne Fossmo om evt.det er utarbeida nokre nye avtalar.??

5. Grasrotandelen – no ligg det informasjon om grasrotandelen på heimesida.
6. E-post adresser til medlemmar. Ved utsending av informasjon om årsmøtet, må me be om at alle medlemmar sender inn sine epost adresser, slik at me i framtida kan lettare få sendt ut informasjon o mklubben.
7. Ola sjekkar opp om ledig kapasitet på årsmøtet. Det vil verte på Lom enten 11 eller 18 februar 2012.
8. Valnemda – sekreteren sender ut melding til valnemda om kven som er på val til neste årsmøtet. Referat frå forrige årsmøte vert lagt ved.
9. Ulike arbeidsoppgåver framfor årsmøtet vert fordelt i styret.
10. Per Inge utarbeidar eit forslag til årsmøtet på Styrehonorar.
11. Km.satsar – forslag til årsmøtet vert kr. 2,50 pr. km, pluss kr. 0,50 pr. passasjer.

Møtet vart avslutta ca.kl. 22.00

Referent: Ruth Sylvi Løland